

# ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2011

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

**1.Økonomisk del**

**2.Generell del**

**3.Viltforvaltning**

**2.1 Villreinforvaltning**

**2.2 Småviltforvaltning**

**4.Fiskeforvaltning**

**3.1 Fiskeutsetting**

**3.2 Prøvefiskeresultat**

**3.3 Garnfiskestatistikk**

**3.4 Kalking**

**3.5 Anna fiskekultivering**

**5.Fjellstyrehyttene**

**4.1 Hyttestyret**

**6.Beiteleiga**

**7. Anna**

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2011 og 2010 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2010	2011	UTGIFTER, DRIFT	2010	2011
Salsinntekt	582 255	704 064	Lønskostnader	35 171	37 184
Anna driftsinntekt	17 936	24 110	Avskrivningar	72 407	
Renteinntekt	56 511	55 880	Anna driftskostnad	832 128	627 384
Driftsresultat	-248 533	63 130			
Bankinnskott, kontantar og liknande.	2 019 766	1 786 316			

Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av villreinjakt, fiskekort, reguleringserstatningar, turkart og festeinntekter.
- Det var ikkje sal av småviltkort i 2011, likt som i 2010.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene, beiteleiga, festeinntekter, reguleringserstatningar.
- Rentenivået er gått ned slik at avkastning av inneståande midlar i bank er redusert.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.

Årsresultat:

- Førebels årsresultat viser eit overskot med om lag kr 63 000. Dette skuldast vesentleg reduserte utgifter saman med auka inntekt frå sal av villreinkort.

Investeringar:

- Hyttestyret administrerte påbygging av toalettrom og innvendig ombygging for hytta på Gamla Sandhaug.

## 2. Generelt

Fjellstyret hadde 4 styremøte og handsama 19 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

[www.eidfjord-fjellstyre.no](http://www.eidfjord-fjellstyre.no)

## 3. Viltforvaltning

### 3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ei vinterstamme på 10 000 dyr etter jakt i 2009. Dette målet vart ikkje nådd, men stammestorleiken er berekna til 10 000-10 500 dyr før kalving 2012.

Samla kvote vart sett til 5 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 344 fellingsløyve. Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei ordning med gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar og 6 førstepangsjegerar med tilsyn, hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget, som motyting kan 10 jegerar frå Eidfjord bruka Ullensvang statsallmenning. Det vart felt 68 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 126 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen. Jakttida var satt til 22.08 til og med 27.09, samordna med andre område i Eidfjord.

### 3.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser felte ryper pr jeger på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km<sup>2</sup> er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma. Generelt er jegertrykket på område nær veg hardest.

Småviltområde	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Område 1</b>														
rype/jeger	9,5	7,0	9,2	6,0	3,3	6,7	3,3	3,3	7,5	7,0	4,2	4,9	3,8	2,5
jeugdøgn/km <sup>2</sup>	1,2	0,7	0,2	0,4	0,7	0,5	0,6	0,8	0,9	0,7	1,1	1,5	1,4	0,3
<b>Område 2</b>														
rype/jeger	5,6	5,2	10,3	6,2	3,3	8,5	7,8	2,0	3,5	3,8	4,0	5,7	1,7	1,7
jeugdøgn/km <sup>2</sup>	1,3	0,9	0,3	1,7	0,9	0,9	0,4	1,1	1,6	1,1	1,1	1,5	1,2	0,4
<b>Område 3</b>														
rype/jeger	4,1	3,9	5,8	3,7	4,1	4,4	5,5	2,0	3,3	2,7	2,4	3,5	1,8	0,7
jeugdøgn/km <sup>2</sup>	1,9	1,5	0,5	1,3	0,6	1,5	1,5	1,4	1,7	0,8	1,2	2,0	1,0	0,4


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypetettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/ obs	Ryper/km <sup>2</sup> (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7 (5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8 (6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4 (2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3 (2-5)	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4 (3-6)	7,5
2011	Eidfjord statsalm		155039	34	290	8,5	7 (5-11)	5,2

Fjellstyret konkluderte, med grunnlag i takseringen, at det ikkje var tilrådeleg å selja kort. Tilbakemeldinga frå jegerane var positiv til avgjerda.

### 3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkastning, sjølv om fangstsinnsatsen er gått noko ned ligg fangstane stabilt og på nivået frå før 2003.



Til saman var det 106 som hadde løyst garnfiskekort, 89 har rapportert at dei har vore med på fiske. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

### 3.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Årleg fangar dei om lag 50 stamfisk, dersom forholda tillat det, vert stamfiske slept ut i Tinnhølen etter stryking. Stamfisk som må fraktast ned på anlegget i Simadalen, vert ikkje teken opp til fjells igjen. I tillegg var det satt ut 3000 einsomrig setjefisk og 700 tosomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa.

### 3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2011;

#### Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit enkelt prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Prøvefisket gjev og ein kontroll med kva maskevidde som er mest tenleg brukt til tynningsfiske. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma.

#### Svartavasstjørn







Det same grunnlaget for prøvefiske gjeld her som i Svartavatnet. Omfanget av tynningsfisket har ikkje medført særleg forbetring i kvalitet på fisken.

Tjørn og vatn langt til fjells har det felles problemet at det vert fiska for lite når gyteforholda gir grunnlag for god rekruttering.

Det vart kjøpt inn 50 garn til tynningsfiske. Desse vart fordelt til bruk av bruksberettiga etter avtale i Langavatnet, Nordvatnet og Herrevatnet. Til saman var det teke opp ca 1200 småfisk, mest i Langavatnet.

### 3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette i redusert form i 2011. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon. Sentrale vasskjemiske parameter er vist i tabellane under.



Utvikling av pH, kalsium, Labilt aluminium, sulfat, nitrat og klorid i utløpet av Svartavassstjørni i perioden 1993 – 2011.

### 3.5 Anna fiskekultivering

Det var registrert 28 ørekyte i kontrollruse ovanfor oppgangssperre ved Stigstu gjennom overvaksingsperioden frå 22.06-27.09. Resultatet er rapportert til Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning med forslag til tiltak i form av kontroll med og nye oppgangssperrer saman med rotenonbehandling.

#### 4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttedoka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet ”persondøgn”.

Hytte	Persondøgn							
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	52	92	58	124
Tinnhølen	56	34	47	36	154	1762	26	78
Krobu	29	17	18	47	73	39	73	120
Stigstuv	4	10	0	0	0	34	7	42
Viersla	0	2	16		181	172	13	85
Langavasshadle	16	1	20		72	28	9	6

Persondøgn for 2008 og seinare er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnsetsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene.

##### 4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret.

##### **Krobu :**

Transport av ved og propan og ellers ettersyn.  
Vask av hytte

##### **Gamla Sandhaug:**

Planlagt og utført ferdig toalettbygging på hovudhytta, ein del arbeid med grunnen.  
Utført ferdig hems med trapp, kjøpt inn og kjørt nye madrasser til hems.  
Det er også utført arbeid på steinbua, rep av utedør, satt på ekstra ventilhatt, montert nytt kjøkken og ellers rydda ut.  
Det står att å få beisa toalettbygging.  
Ellers transportert ved og propan.

Kjøpt ny båt, Pioner 13 fot  
Transportert ut skada båt, reparert og kjørt innatt.

##### **Viersla:**

Transport av ved og propan  
Kjøpt inn ny innedør, denne er ikkje montert.

##### **Langavasshadle:**

Transport av ved og propan

**Stigstuv:**

Sjekk og supplert med ved/gass  
Gjenstår montering av nytt toalett i utebod.

**Tinnhølen:**

Transport ved og propan  
Vask av hytte

I alle hyttene er det sjekka batterier, brannsløkkingsapparat og brann/røykvarsler.

**5. Beiteleiga**

Halne beitelag er i sitt 2. år i kontrakten om beiteleige med fjellstyret.

**6. Anna**

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Liv Myklatun var styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS. Ny organisering medfører at SfH vert styre for oppsynet.
- Ullensvang sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Isdalen 18.-19. juni. Det var 54 ungdomar deltok. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode.
- Småvilttur for ungdom. For å gje tilbod til ungdom og fyrstegangsjeegerar arrangerte fjellstyre jakttur. Dessverre vart det dårleg ver så deltakartalet var lågt, men dei som var med fekk oppleve litt småviltjakt.

**Eidfjord fjellstyre**

Lars Kristian Eidnes

- s -

Liv Myklatun

- s -

Vidar Riber

- s -

Anne Myklatun

- s -

Anders Vaksdal

- s -

Samson Hamre

- s -

Hildegunn Espe

- s -